

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-026, TI-&01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/21	Formannskap - styringsgruppe	22.04.2021

**Prosjektmandat strategidokument og prosjektavklaringar Miljøløftet Alver
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Politisk styringsgruppe vedtar prosjektmandatet slik det blir lagt fram i saka.

Formannskap - styringsgruppe 22.04.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

FST- 004/21 Vedtak:

Politisk styringsgruppe vedtar prosjektmandatet slik det er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til vedtak i politisk styringsgruppe (FO) 22.04.2021

Kva saka gjeld:

- Denne saka gjeld oppstart av to prosessar - utarbeide eit strategidokument for Miljøløftet i Alver og gjennomføre prosjektavklaringar for aktuelle prosjekt i Alver.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Alver kommune vedtok å ta del i byvekstavtalen/Miljøløftet for Bergensregionen 20. februar 2020. Dette betyr at Alver kommune er sikra totalt kr 32,5 mill i snitt per år i avtaleperioden fram til 2029. Alver kan få ulike typar tilskotsmidlar gjennom Miljøløftet til ulike typar prosjekt, forutsett at desse prosjekta tilfredsstiller vilkåra i den vedtekte byvekstavtalen.

I sak 036/21 vedtok kommunestyret ei prioritering av prosjekt til handlingsprogram 2022 – 2025 og til lokale belønningmidlar. Dette prosjektmandatet er ei oppfølging av følgjande punkt frå den politiske saka:

- Punkt 1: Strategidokument
- Punkt 3: Lokale belønningmidlar – prosjektavklaringar.

Gjennomføring av prosjektet

Prosjektet blir delt opp i to fasar. Fase 1 er utarbeiding av strategidokument og den går fram til september 2021. Fase 2 er prosjektavklaringar for aktuelle prosjekt i Alver og startar i september 2021.

Sjå vedlagt framlegg til prosjektmandat for utfyllande info om prosjektet.

Vurdering

Rådmannen rår til at prosjektmandatet blir vedtatt slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

15.04.2021	Prosjektmandat_Miljøløftet strategidokument og prosjektavklaringar_Alver_22.04	1544443
------------	--	---------